

Arvid Edgar Eik
Totlandsvegen 472 C
5226 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6086 - 23/39966

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.no
o

Dato:
12.06.2023

Vedtak om tilbakebetaling av ilagt tvangsmulkt - gbnr 422/26 Rikstad

Administrativt vedtak: saknr. 541/23

VEDTAK

Tilbakebetaling av ilagt tvangsmulkt

Alver kommune vedtek å tilbakebetale kr 410 937,- i ilagt tvangsmulkt. Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Sakens bakgrunn

Bakgrunn for saka er tidlegare Radøys kommunes vedtak datert 12.09.2018 om pålegg om retting av ulovleg tiltak på eigedom med gbnr 422,6, 10 og 12.

Arvid Eik er fakturert og har betalt totalt 410 937,- i tvangsmulkt inkludert renter og salær i perioden 18.08.20-27.04.23.

Grunngjeving for vedtaket

Tvangsgrunnlaget er reellt. Det er konstatert gjennom tidlegare oppfølging at det utførte tiltaket var søknadspliktig. Alver kommune har i seinare tid blitt gjort merksam på at eigen praksis ved innkreving av tvangsmulkt avviker frå det Statsforvalter meiner er rett praksis.

Statsforvalter har i vedtak datert 10.05.23, i sak 20/8908 i Alver kommune, vurdert at forvaltningen bør respektere tiltakshavers mulighet til å benytte domstolene til en gyldighetsprøving av kommunens avslag. I saka har statsforvalter vurdert at kommunen burde fryse innkreving av dagmulkt for den perioden saka avklarast rettsleg. På bakgrunn av denne vurderinga vart tvangsmulkt redusert og slettet for den perioden der saken var «låst» for rettsleg avklaring.

Det er rimeleg at same prinsipp anvendast også i denne saka. Saka har heilt sidan pålegget vart gitt i 2018, vore gjenstand for prøving i forvaltningen og rettsystemet. Tiltakshavar prøvde først klageretten sin gjennom forvaltninga. Endeleg vedtak i klagesaka vart gjort i vedtak av Fylkesmannen i Vestland den 27.02.20. Tiltaks havar varsla så kommunen den 13.03.20 om at saka kunne bli ført for rettsystemet. Den 31.03.20 fekk kommunen melding om at saka var

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

sendt til retten for behandling. Alver kommune stadfesta meldinga men orienterte om at saka ikkje ville sette saka i bero inntil det foreligger avgjørelse frå jordskifteretten eller sivilombudsmannen. Den 22.07.20 vart det sendt ut brev med varsel om oppstart av innkreving av dagmulkt frå 17.08.20. Kommunen har i alt fakturert 410 937,- i tvangsmulkt og salær. Endeleg avgjerd i saka låg føre 22.03.23 ved rettskraftig dom i Hordaland tingrett.

Sjølv om tiltakshavar ikkje fekk medhold i saka, skulle kommunen avventa vidare oppfølging med innkreving av tvangsmulkt fram til endeleg avklaring i rettssystemet. Det var soleis ikkje grunnlag for å starte med tvangsmulkt før etter 22.03.23.

Vurderinga blir då at heile tvangsmulkten tilbakebetalast i tråd med Statsforvalteren si vurdering i nevnte sak.

Den 25.04.23 vart det gjennomført synfaring på staden. Kommunen valgte i brev av 27.04.23 å avstå frå vidare oppfølging av saka, mellom anna fordi det ville være meir inngripande å rette opp tiltaket enn å la det ligge som i dag, samt at kommunen hadde andre saker som var prioritert høgare.

Saka vart avslutta mindre enn 5 veker etter endeleg rettsleg prosess. Dette tidsrommet vurderast som rimeleg frist til å få avklart vidare oppfølging av rettingspålegget etter at saka var endeleg avklart.

Kommunen har vidare på eige grunnlag beslutta å avstå frå vidare oppfølging og soleis fråsagt seg muligheten til å følgje opp saka vidare med krav om retting og ileyding av tvangsmulkt for det pålegget som vart gitt 12.09.18.

Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:

Arvid Edgar Eik

Totlandsvegen 472 C

5226 NESTTUN